Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Til Hordaland Fylkeskommune

**RAPPORT OM RESULTAT AV KONTROLLHANDLINGAR VEDKOMANDE REKNESKAP FOR HERAND KULTURHUS – KULTURBYGGMIDLAR ANLEGGSNUMMER 1227 000204 - JONDAL KOMMUNE**

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor og som vedkjem rekneskapen for anlegg Herand Kulturhus – Kulturbyggmidlar avslutta per 13.12.2017. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlingar og Kulturdepartementets retningsliner i V-0732 - Bestemmingar om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Den samla totalsum for anlegget pr. 13.12.2017 er på kr 1 416 972.

Kontrollhandlingane er utført for å kunne stø dykk i vurderinga av om anleggsrekneskapen er rett og under følgjer oppsummeringa:

1. inntekter og kostnader vedkjem anlegget, medrekna at berre utgifter til tilskotsberettiga element inngår som ein del av dei tilskotsberettiga kostnadane
2. oppgitte beløp for meirverdiavgift tilsvarer faktisk betalt meirverdiavgift og at det ikkje er kravd frådrag for inngåande meirverdiavgift for desse beløpa
3. utgifter er attestert og tilvist av personar med dei nødvendige fullmakter
4. inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er føreteke frå den konto som er oppgitt for dette formål
5. det er eit klart skilje mellom byggerekneskapen for anlegget og drifta elles
6. verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinjene for verdsetjinga av desse postane og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen
7. dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppført som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen ned justert med tilsvarande beløp
8. rekneskapssamandraget, som blir sendt fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Vi har på stikkprøvebasis kontrollert at utgiftene er tilfredsstillande dokumentert.

Vi rapporterer våre funn nedanfor:

a) Med omsyn til punkt 1 har vi funne at inntekter og kostnader vedkjem anlegget, medrekna at berre utgifter til tilskotsberettiga element inngår som ein del av dei tilskotsberettiga kostnadene
b) Med omsyn til punkt 2 har vi funne at oppgitt beløp for meirverdiavgift tilsvarar faktisk betalt meirverdiavgift og at det ikkje er kravd frådrag for inngåande meirverdiavgift for desse beløpa. Herand Idrettslag er registrert i Frivilligheitsregisteret og kan søke momskompensasjon.

Vangsgata 30, Postboks 274, 5702 Voss, Telefon 56 53 00 20, E-post post@ihrevisjon.no, www.ihrevisjon.no

c) Med omsyn til punkt 3 har vi funne at utgifter er attestert og tilvist av personar med dei nødvendige fullmakter
d) Med omsyn til punkt 4 kan vi ikkje stadfesta at inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er føretatt frå den konto som er oppgitt for dette føremål, då vi ikkje har fått lagt fram bankutskrifter
e) Med omsyn til punkt 5 kan vi ikkje stadfesta at det er eit klart skilje mellom byggerekneskapen for anlegget og drifta elles då vi berre har fått lagt fram byggjerekneskapen
f) Med omsyn til punkt 6 har vi funne at verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinene for verdsetjinga av desse postane, men sum dugnad i rekneskapen samsvarar ikkje med budsjettet som er godkjent av fylkesmannen
g) Med omsyn til punkt 7 har vi funne at dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppført som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen ned justert med tilsvarande beløp
h) Med omsyn til punkt 8 har vi funne at rekneskapssamandraget, som vert sendt fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Då dei ovannemnte kontrollhandlingar verken utgjer revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for nokon tryggleik for at informasjonen ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, kunne andre forhold ha komme til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk

Vår uttale er ute lukkande utarbeida for det formålet som er skildra i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til noko anna formål. Uttalen er berekna på Hordaland fylkeskommune og anleggseigar.

Voss, 13.12.2017

Odd J. Storebø

Odd J. Storebø
revisjonssjef

**Inntekter skal posterast på same hovudpost som i finansieringsplanen i søknaden**
**Tal frå søknaden førast inn.**

| **Finansiering av anlegget** | **Budsjett i søknaden** | **Regnskap** |
|---|---|---|
| Tilskudd av spelemidlene (utbetalt) | 0 | 439 000 |
| Egenkapital | 115 533 | 115 533 |
| Kommunale tilskudd (innkludert ikke-utbetalte tilskudd) | 150 000 | 150 000 |
| Fylkeskommunale tilskudd (Inkl. ikke-utbetalte tilskudd) | 487 767 | 49 000 |
| Private tilskudd, kontantar | 0 | 0 |
| Andre tilskudd | 0 | 0 |
| Lån | 0 | 0 |
| **Sum kontantinntekter** | 753 300 | 753 533 |
| Gaver, rabatter | 350 000 | 223 440 |
| Dugnad | 360 000 | 440 000 |
| **Sum samlet finansiering** | 1 463 300 | 1 416 973 |
| Ikke utbetalte spillemidler | | **0** |
| Andre utestående krav | | **0** |
| | | |
| **Sum samla finansiering i rekneskapen** | | **1 416 973** |

Slik tenken eg finansieringa i rekneskapen skal vera

Odd J. Storehø